



Lindås Rør & Sanitær AS
Burkhovdane
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar: Ref.:7RZPAK-
Skjemanr.:3934
Vår: 22/839 - 22/8262

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

28.01.2022

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 24/66 Fammestad

Tiltak: Tilnknytning kommunalt vatn, privat avløp
Byggjestad: Fammestad 11 – GBNR 24/66
Tiltakshavar: Astrid Sofie Kålas
Ansvarleg søker: Lindås Rør & Sanitær AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Aneks må kople seg på eksisterande hovudleidning som går inn til bustaden. Det skal være installert utvendig stoppekran på kvar leidningsstikk.

Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» pkt 2.4 at kommunen kan setje nærare krav til privat leidningsnett ved handsaming av tilnknytningssøknad.

2. Før kommunen kan handsame søknaden skal det ligge føre godkjent utsleppsløyve for anekset.

I vedtak datert 01.12.1994 er det, i anekset, gitt løyve til å nytte eit rom på 15 m² til gjesterom. Det er i vedtaket også sett krav om at det skal sendast inn ny søknad om utslepp dersom større del av anekset skal nyttast til bustadforemål.

Vi kan ikkje sjå at det ligg føre slikt løyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.03.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Sofie Kålås
Miljø og tilsyn
Plan og byggesak

FAMMESTAD 11 5913

Eikangervåg

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 5914

ISDALSTØ